

# Frå kamp mot utviklinga til språkleg frigjering

*Olaf Almenningen*

Den sterke radikaliseringa blant ungdommen var ein føresetnad for den framgangen målrørsla fekk utetter i 1970-åra. Utanrikspolitisk hadde Vietnam-krigen (1964-1975) og studentopprøret i Paris i 1968 mykje å seia. Tankane herifrå slo igjennom i Noreg med, og her heime voks motstanden mot den aukande sentraliseringa og økonomiske vekstfilosofien. Kampen for dialektane og den lokale kulturen var ein viktig del av det anti-autoritære opprøret, der kvinnerørsla og miljøorganisasjonane også spela ei sentral rolle med sine kampsaker. Samtidig auka interessa for historia, der ein prøvde å knyta banda attende til grunnlaget for dei radikale norske folkerørslene og utvikla politikken sin for det moderne samfunnet derifrå. Vogt-nemnda og den nye jamstillingslina til styresmaktene gav nynorsken ein viktig framskuv på somme område, mellom anna ved at Stortinget våren 1970 kravde minst 25 prosent nynorsk i NRK, lovde full jamstilling på lærebokfronten, sikra sidemålsundervisninga i den nye ungdomsskulen og la opp til ei betre mållov. På den andre sida laut Stortinget gje konsesjonar til riksmålssida ved at berre foreldra fekk røyserverett i skulemålssaker, det nyskipa Norsk språkråd skulle ikkje gå så hardt inn for tilnæringslina lenger og bokmålssida fekk også lovnader om at ein smått om senn kunne tenkja seg å ta inn att ein del utestengde riksmålsformer i bokmålet.

Den politiske venstresida styrkte seg no kraftig blant ungdom under utdanning og mistua til Arbeidarpartiet og høgrekreftene – «the establishment» - auka. Den radikale ungdommen gav dei sosialistiske partia eit kraftig oppsving, særleg på utdanningsinstitusjonane, men dette politiske oppbrotet i samfunnet førde samstundes også til mykje indre opprivande strid. Såleis fekk kløyvinga mellom Sosialistisk Folkeparti (SF) og Sosialistisk Ungdomsforbund (SUF, som i 1973 vart til AKP m-l) i 1969 ein del å seia i åra framover. Dei tradisjonelle banda

mellom Studentmållaget i Oslo og den breie venstresida i norsk politikk gjorde at laget hamna midt oppi dette politiske minefeltet. Dette synt seg klårast i den bitre striden om prinsippprogrammet og den nye eittspråkslina som rasa midt på 1970-talet. I Studentmållaget fall det til tider harde ord mellom dei to partigruppene, særleg i åra 1975-77 var det ille. Ideologiane kom no i sentrum, og marxismen i ymse utgåver vart den rådande tankestemna som styrde innhaldet i dei politiske debattane; særleg i studentmiljøa.

Dette nye allmenne politiske klimaet førde til at ein også tok til å sjå nærmare på det ideologiske grunnlaget for målreisinga. Språket sjølv kom dermed meir i søkjelyset att, og den breie samfunnslina i målarbeidet frå slutten av 1960-åra laut vika for ei meir filologisk og språkhistorisk tilnærming att. For dialektørsla kom den gamle målanarkisten Olaus J. Fjørtoft til å stå i sentrum for interessa, men også Halvdan Koht og hans folkemålsline vart nya opp att. I tillegg gjorde den internasjonale sosiolingvistikken seg stadig meir gjeldande her heime. Flaumen av målbøker heldt fram, og nye utgjevingsplanar vart lagde. 1970-åra tok også til med ein av dei største skulestreikane i norsk soge, då 112 skular og 30 000 elevar i store delar av landet gjekk i demonstrasjonstog 28. oktober 1971 i protest mot mangelen på nynorske lærebøker. Sjølv om måljamstellinga på lærebokfronten no vart lovfest både i grunnskulen (1969) og den vidaregåande skulen (1974), var statsløyvingane altfor låge til at dette kunne gjennomførast. Dei landsomfattande aksjonane tok seg derfor opp att både i 1976 og 1977, med god oppslutnad.

Etter at EF-striden vart krona med nei-siger 25. september 1972, og målstudentane hadde uttala seg kritisk om den rådande norske oljepolitikken, vart dialektørsla hovudsaka i laget i 1973-74, saman med dei landsomfattande lærebokaksjonane. Heile ungdomsmålrørsla var no i sterk vokster både når det galdt medlemstal, lokallag og indre politisk styrke, og landssamskipnaden fekk seg nytt namn – Norsk Målungdom - på landsmøtet i Oslo i mars 1972, der Studentmållaget var vertslag. Målstudentane i Oslo hadde elles hatt leiinga i Noregs student- og elevmållag i 3 år, frå 1969 til 1972, men gav frå seg att klubba til Studentmållaget i Bergen på dette møtet. Dette skiftet av leiarskap i NMU var heilt utan dramattikk; heilt annleis vart det på landsmøtet til målungdommen i Oslo i 1976 då Studentmållaget i Oslo med berre éi røysts overvekt fekk flytta sentralstyret tilbake til hovudstaden att etter ein hard batalje.

## Stor aktivitet i lagsarbeidet

Studentmållaget i Oslo har aldri hatt så mange medlemmer som fyrst i 1970-åra. År for år voks medlemstalet jamt og trutt opp mot 500, eitt år – i jubileumsåret 1975 - var det jamvel 750 registrerte medlemmer, før lagsflokket tok til å minka nedover mot 400 att ved slutten av tiåret. Laget var eit av dei mest aktive ved

Universitetet i Oslo og verka spennande og forlokkande på nye studentar som kom til Blindern. Studentane frå nynorskområda vart snøgt sosialiserte inn i lagsmiljøet. Både den politiske radikaliseringa, dialektarbeidet, lærebokaksjonane og aktiviteten i det heile drog nye folk til seg. Særleg var åra 1970-75 ei glanstid for laget, sjølv om ein ikkje kom så mykje lenger med å betra nynorskens stilling ved sjølve institusjonen Universitetet i Oslo. Laget skipa til lagsmøte éin gong i veka i EEC-tida, seinare vart det halde fem-seks medlemsmøte kvart semester, og laget hadde mange nemnder og utval i arbeid. Studenttalet auka ikkje så mykje no som i tiåret før, så prosentdelen av målstudentar var høgare i 1970-åra. Dei nye medlemene var spreidde på mange fag og fakultet, men det var nok eit fleirtal av dei som studerte humanistiske emne og samfunnsfag.

Sjølv om gjeremåla var mange og store, tok Studentmållaget seg tid til å feira seg sjølv i dette tiåret med. Den fyrste høgtidinga gjekk av stabelen på Pan-restauranten på Kringsjø då laget runda 70 år 31. oktober 1970. Festlyden talde heile 140 deltakarar. Leiv Ellingsen styrde ståket og Erling Læg Reid heldt festtalen for dagen. Både lagsleiaren Ola Svein Stugu og eldstemann, 93 år gamle Haakon



*75-årsfesten i 1975. Venstre: Edvard Hoem heldt jubileumstala. Høgre topp: Festnemnda: Steinar Læg Reid, Arne Lauvhjell, Leikny Haga, Alv Reidar Dale og Turid Kleiva. Høgre botn: Dei nye heiderslagsmedlemene i 1975: Alf Hellevik, Olav Dalgard, Lars Reinton og Øyvind Dybvad. Alle foto: Steinar Sandøy.*

Wergeland, heldt også sine helsingstalar til laget og Arne Falk (Frifant), Magne Rommetveit, Jon Ous og Bjarte Birkeland vart utnemnde til heidersmedlemer. Så var det 75-årsfeiring den 31. oktober 1975. Og dette gildet vart ikkje mindre drusteleg enn dei som hadde vore før, med 135 deltakarar på festmiddagen og nyskrive helsingdikt til laget frå Edvard Hoem. Veteranen Olav Dalgard var festtalar og både han og Alf Hellevik, Lars Reinton og Øyvind Dybvad vart utnemnde til heidersmedlemer på festen. Dertil vanka det pengegåver til laget frå Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget.

Verksemnda til målstudentane var elles både stor og mangslungen og veksla mellom medlemsmøte, vise- og bokkveldar, seminar, og sosiale tilskipingar som samrøringsfestar og grautkveld før jul. I 1971-72 skulle det vera «kultur» på alle møte, og kunstnarar som Ove Røsbak, Elin Prøysen og Vømmøl Spelmannslag m.fl. las og spela for ei fullsett Peisestove 15 på Sogn studentby. Dertil hadde laget eigne forfattarar som alt hadde skaffa seg ein plass i litteraturen; det er her nok å nemna namn som Edvard Hoem, Erling Indreeide, Ola Grøvdal og Åsmund Forfang, attåt somme av dei som framleis var med frå 1960-åra. Seminarforma var populær, og desse faglege samkomene vart ofte lagde til hytter i Nordmarka eller til høvelege stader langs Bergensbanen om vinteren. Og «når vårsol i bakkane blenkte», var tida inne for trivelege båtturar på Oslofjorden. Viktige funksjonar i laget hadde alle nemndene som leiinga sette ned for å ta seg av aktuelle spørsmål. Skuleboknemnda heldt koken og gav no ut oppnorskingsordlister for elektronisk databehandling, sosiologi og jus og planla ei ny og oppdatert språkhistorie for norskstudentar ved universitet og lærarskular. Den sistnemnde boka vart ferdig i 1981 og kom ut på Universitetsforlaget med tittelen *Språk og samfunn gjennom tusen år*. Ho har sidan kome i 6 utgåver, den siste i 2002. Av andre nemnder kan vi også nemna Songboknemnda, Dialektnemnda og Sogeboknemnda. Hausten 1975 var det over 65 ulike verv som skulle fyllast i tillitsmannsapparatet til Studentmållaget.

Halvårsmøtet i 1970 vedtok også å satsa på å styrkja publikasjonsverksemnda åt laget ved å setja ned ei eiga skriftnemnd. Dei som vart med i den fyrste Skriftnemnda i Studentmållaget, var Steinar Læg Reid, Oddvar Natvik, Åse Hjørnevik og John Osnes. Arbeidet deira gav synlege resultat nokså snøgt. Lagsavisa vart såleis omdøyppt frå *Apropos* til *Fram* i 1973, eit namn som hadde meir soge og futt i seg og som passa godt med tidsanda og aktiviteten i lagsflokkjen. Den nye lagsavisa hadde jamt over eit opplag på 3-5 000 og vart delt ut fritt fem gonger i året ved alle høgare lærestader i Oslo. Etter at Norsk Målungdom frå 1973 hadde fått si eiga avis, *Målfront*, vart *Fram* meir lagsblad for målstudentane i Oslo, slik *Apropos* hadde vore vel 10 år før. Laget byrja også å gje ut sitt eige målpolitiske tidsskrift i 1971; det fekk fyrst namnet *Sentrum og Periferi* i tråd med kampen mot sentraliseringa, men skifte året etter namn til *Mål og Makt*. Dermed hadde ein på mange måtar knytt banda attende til skriftet med same

namn i 1930-åra. Det var ikkje planen at dette skulle verta eit periodisk måltidskrift, men etter kvart gjekk det slik, då interessa for tiltaket var stor. Det nye ideologiske tidsskriftet kom ut fire gonger i året med eit samla opplag på 1500 og hadde sitt eige skriftstyre. Mållag og ungdomslag over heile landet kjøpte samla inn 7-800 eksemplar av kvart nummer og tingartalet auka til eit brukande nivå.

Aksjonar og anna utettervend verksemd var det òg stunder til; særleg galdt det i dialektsaka, læremiddelarbeidet og for kulturverksemda. Studentmållaget hadde heile tida fast bokdisk på Blindern der ein selde målbøker, blad og skrifter og delte ut flygeblad. Sentralt stod også kulturarbeidet, i 1974 fekk laget såleis i stand Målkoret med 15-20 medlemmer og med Jan Olav Fretland som dirigent. Det var også medlemmer i Studentmållaget som stod for songboka *Syng* (1975) som kom ut på Noregs Boklag og vekte ein del strid hos forlagseigaren BUL i Oslo av di det stod ei nidvise om Kåre Willoch der, forfatta av Ola E. Bø. Konflikten spissa seg til såpass at forlagssjef Knut Ødegård til slutt trekte seg frå stillinga si. Alt dette styret førde til at den populære songboka vart heilt utseld, så nokre år etter laut det koma ein oppfølgjar med den utvida tittelen *Syng meir*, redigert av Alv Reidar Dale. Attåt korsongen skipa Studentmållaget til faste gammaldanskurs kvart semester. Det lønte seg å vera medlem i laget om ein ville svinga seg der, så desse kursa førde samstundes til auke i medlemstalet og hadde om lag



*Målkoret på Islandstur. Arne Skuterud med Morgunblaðið. Foto: Fram*

same funksjonen som dei vidjetne Ofsekveldane i Studentmållaget i Bergen. Både songverksemda og dansen styrkte det sosiale miljøet i laget og fremja lagsanda.

Studentmållaget i Oslo hadde framleis ei viktig organisatorisk rolle i Norsk Målungdom, jamvel om sentralstyret sat i Bergen i åra 1972-1976, i og med at laget måtte forsyne Arbeidsutvalet for NMU på Austlandet (AU-Aust) med folk. Dette organet hadde ansvaret for å skipa nye lokallag austpå og prøva å halda dei oppe, dertil skulle dei reisa på foredragsturnear på gymnasa. Då Studentmållaget i Oslo overtok ansvaret for NMU att i 1976, laut ein setja av 10-15 lagsfolk til dei sentrale organa i landssamskipnaden. Det gav laget større innverknad i ungdomsmålrørsla, men hemma den lokale aktiviteten på Blindern.

Sentrallekken i Noregs Mållag i Oslo fekk framleis jamt tilsig av ressurspersonar frå Studentmållaget. Såleis var Jahn-Arill Skogholt skrivar i NM i 1971-73, og både Edvard Hoem og Bjarne Grevsgard hadde korttidsengasjement på skrivarstova i om lag same tidsrommet. Seinare i tiåret arbeidde òg Oddrun Grønvik og Oddrun Molvik på mållagskontoret ei tid. Og i 1971 vart sogningen Steinar Læg Reid vald til formann i Noregs Mållag på landsmøtet på Otta, berre 26 år gammal. Han er den yngste leiaren vaksenmålrørsla nokon gong har hatt og sat med styreklubba i NM fram til 1973. Kringkastingsringen tok også godt for seg av ressurspersonar frå Studentmållaget i denne tida, såleis vart Oddvar Natvik dagleg leiar i Ringen fyrst i 1970-åra, og både Ola Normann Nedreid og Sevat Kjellargard hadde stundesvis deltidsjobbar i sekretariatet der og i redaksjonen av *Norsk Tidend*.

## Strid om allmennpolitikk

Jamvel om målstudentane i Oslo hadde teke opp allmenne samfunnsspørsmål og tilhøvet til målsaka frå midten av 60-åra og utetter, hadde det korkje ført til kløyving eller langdryg strid i laget. No på 1970-talet vart dette annleis. Våren 1971 tok dei veksande allmennpolitiske motsetnadene på venstresida til å gjera seg gjeldande i Studentmållaget for alvor. På halvårsmøtet kom det såleis framlegg om at laget skulle støtta leiarkandidaten til Raud Front ved valet til nytt styre i Studentersamfundet. Dette valet var ein viktig del av kampen mot EEC, sidan kandidaten til Raud Front var klår motstandar av norsk medlemskap, meinte forslagsstillarane. Framlegget utløyste eit langt ordskitte på dette halvårsmøtet. Leiaren i laget våren 1971, Oddvar Natvik, peika på at Studentmållaget var i omforming og det ville derfor vera uheldig å ta stilling til eit slikt spørsmål no før målpolitikken var heilt fastlagd, sjølv om dei fleste i laget var imot norsk medlemskap i EEC. Det Norske Studentersamfund dreiv heller ikkje målpolitikk, og heile diskusjonen hadde derfor lite for seg, tykte han. Forslagsstillarane heldt fram at aktivitetane til Studentersamfundet hadde interesse for laget, og når ein

ikkje hadde nokon eigen kandidat, burde ein støtta det styret som hadde det beste programmet sett ut frå målstudentane sin synsstad. Diskusjonen om dette i 1965 tok seg altså opp att, men no med nye politiske overtonar.

Framlegget om å støtta Raud Front vart avvist, men striden blussa opp att då nytt styre skulle veljast på slutten av møtet. Edvard Hoem var på tale som ny leiar for haustsemesteret 1971, og han gjorde det klårt at han representerte det mindretallet som gjekk inn for Raud Front-styret i Studentersamfundet. Samstundes la han fram utkast til fråsegn der han slo fast at Studentmållaget skulle vera ein del av den kampen som arbeidsfolk i bygd og by førde for økonomisk og kulturell frigjering mot underkuinga og utbyttinga til monopolkapitalen. I kampen for norsk mål og kultur



*Edvard Hoem meinte at SmiO til kvar tid måtte ta omsyn til arbeidarklassen sine interesser i kampen for norsk mål og kultur.*

måtte laget alltid ta utgangspunkt i interessene til det arbeidande folket og stø aksjonar som tente denne målsetjinga, heitte det i fråsegna. Dette var synspunkt som ikkje hadde fleirtal i laget, og derfor vart Jahn-Arill Skogholt lansert som ny leiar og sett opp imot Hoem. Valet kvesste seg til då det samstundes vart klårt at fleire av dei påtenkte styremedlemene kom til å trekkja seg dersom Hoem vart vald på eit noko einsynt program retta mot monopolkapitalen, men likevel ønskte å pressa sitt syn igjennom mot fleirtallet i laget. Han presiserte då at Studentmållaget sjølvsagt skulle følgja fleirtalssynet på dei ulike saksområda, noko han ville retta seg etter. Dermed trekte Skogholt kandidaturet sitt og Hoem vart vald til ny leiar for Studentmållaget hausten 1971.

Etter dette kom ikkje spørsmålet om Studentmållaget skulle stø noko særskilt kandidatstyre i Studentersamfundet opp att, sjølv om det var harde politiske kampar utetter på 70-talet om kven som skulle leia dette debattforumet. Lenge hadde Raud Front og marxist-leninistane makta her, men både dei og Studentersamfundet miste mykje av sin innverknad etter kvart. Etter 1980 har Det Norske Studentersamfund ikkje vore nokon viktig samfunnspolitisk talarstol i Noreg.

## Studentmållaget talar Roma midt imot

Studentmållaget arbeidde mot norsk EEC-medlemskap gjennom Folkerørsla mot norsk medlemskap i Fellesmarknaden. Mykje av dette arbeidet gjekk føre seg i det stille, men det fekk store verknader for oppbygginga av motstandsfronten. Omlaginga av Folkerørsla frå ein topptung motstandsorganisasjon til ei landsomfattande grasrotørsla starta mykje godt på Blindern. Det heile tok til hausten 1970 då eit særskilt kontaktutval vart skipa. Det var i stor mon tverrpolitisk, bortsett frå at marxist-leninistane ikkje vart med. Nye og utettervende arbeidsformer voks fram i dette miljøet og Folkerørsla sentralt tok etter kvart inn folk herifrå til sekretariatet sitt. Studentmållaget kom tidleg med og folk frå laget vart viktige kontaktledd mellom Blindern-aktivistane og lokalsamfunna der dei kom frå. Studentmållaget gjekk heilt opp i EEC-striden i 1971 og 1972, og skulerte medlemene sine godt, slik at mange etterpå reiste rundt på bygdene og skipa lokallag i feriane. Lagsleiaren våren 1971, Oddvar Natvik, meinte det var umogeleg for målrørsla å ikkje gå imot norsk medlemskap i EEC, eit stort helgeseminar i februar hadde kome til same klåre konklusjonen. Edvard Hoem, som følgde etter Natvik som leiar, var like klår i sitt standpunkt hausten 1971, og Bjarne Grevsgard, som var leiar i Studentmållaget våren 1972, såg på dette som ei sjølvsgd hovudoppgåve for laget. I det motstandsarbeidet som her voks fram, fungerte dei nyskipa landsdelsgruppene heilt perfekt, våren 1972 var det sju slike i arbeid. Det førde til at det tidleg vart sett i gang motstandsarbeid i dei nynorske kjerneområda, der ein hadde faste tilknytingsband. Den breie kontaktflata mål ungdommane hadde i heimegrendene sine, gjorde at Folkerørsla raskt bygde seg opp til ein brei, folkeleg kamporganisasjon. Samstundes fekk ein spreidd kunnskap og innsikt om EEC som dei akademiske miljøa sat inne med og hindra at det vart skapt kunstige motsetnader mellom studentar og vanlege folk utetter på bygdene. Medlemskap i EEC trugar norsk språk og kultur, heitte det i dei politiske oppropa frå mål ungdommen. Redaktør Lars S. Vikør i *Apropos*<sup>1</sup> åtværa mot ein sentralistisk og udemokratisk språkpolitikk, som i Frankrike, dersom Noreg kom med i EEC. Ein desentralisert spåkpolitikk, som i Noreg, med breitt rom for dialektane og to målformer kom då til å bli hardt pressa, meinte han.

Dei norske «motkulturane» spela ei avgjerande rolle for den politiske suksessen i 1972, kanskje meir enn arbeidarrørsla i røynda makta, sidan fleirtalet i Arbeidarpartiet stod på ja-sida og det var tungt å gå imot den hovudretninga leiinga der hadde staka ut.

### Indre usemje om organiseringa

Men alt kunne ikkje gå heilt knirkefritt for seg internt i eit lag som i utgangspunktet samla mange politiske grupperingar med ulike samfunnssyn. Hausten 1971 kom det såleis opp til diskusjon om Studentmållaget kanskje burde endra

arbeidsmåtane sine noko og heller støtta den nyskipa og meir aksjonsretta Arbeidarkomiteen mot EEC og dyrtid - AKMED – som marxist-leninistane i hovudsak stod bak. Saka vart aktuell då AKMED planla ei særskild aksjonsveke denne hausten og Studentmållaget kunne slutta seg til den på ulike måtar, både gjennom fråsegner på eit medlemsmøte eller ved å delta med eigne parolar. Folkerørsla ønskte ikkje noka aksjonsveke då, men ville gjerne halda fram samarbeidet med Studentmållaget gjennom Kontaktutvalet for folkerørsla mot EEC på Blindern slik ein hadde gjort fram til då. Det bryggja dermed opp til usemje i styret om kva organisasjon ein no helst burde følgja. Hoem ville ha nærmare tilknytning til AKMED, medan styrefleirtalet helst ville halda seg til Folkerørsla som før. Saka vart til slutt teken opp på eit medlemsmøte, der ein tilslutnad til aksjonsveka åt AKMED vart avvist. Samstundes såg ein at det trøngst ei endring av arbeidsmåtane i meir aksjonsretta lei; det var enno ikkje så vanleg å driva utettervendt arbeid med plakatkappar, utdeling av flygeblad og demonstrasjonar som det vart seinare. At motsetnadene ikkje sette så djupe spor, skjønar vi av eit intervju Hoem sidan gav til *Apropos*, der han påpeikar at «all motstand mot EEC-medlemskap er av det gode, og vi bør arbeida for mest mulig einskap i motstandsarbeidet»<sup>2</sup>

Både laget og medlemene deltok sidan aktivt i arbeidet mot EEC både på Universitetet og i målrørsla. Landsmøta i Noregs Mållag og NSEM vedtok klare fråsegner mot EEC-medlemskap både i 1971 og 1972, sentrale medlemmer i Studentmållaget i Oslo og Bergen laga ein grundig studiering om Noreg og EEC som vart mykje brukt ute i lokallaga i NSEM. Dertil vart Bjarne Grevsgard frå Studentmållaget i Oslo engasjert som korttidssekretær for EEC-saka av Noregs Mållag i dei mest kritiske månadene fram mot folkerøystinga 25. september 1972. Dei motsetnadene som fanst mellom Folkerørsla og AKMED fekk altså lite å seia for EEC-arbeidet i målrørsla. Oppslutnaden om Folkerørsla var massiv frå målfolks side, om vi ser landet under eitt.

Då nei-sida sigra med 53,6 prosent mot 46,4 prosent den 25. september 1972, var det ein mektig inspirasjon for målarbeidet. Det gav målrørsla ekstra sjølv-tillit og eggja til meir pågåande arbeid på fleire felt. Det let seg faktisk gjera å motarbeida «makta» i Noreg og vinna; det hadde ingen trudd var mogeleg 10 år før. Dei mest optimistiske blant målungdommane tok òg til å meina at ein no kanskje kunne snu opp-ned på heile samfunnsutviklinga om ein berre trudde fast nok og arbeidde hardt og målmedvite. Ei god byrjing for målrørsla var det då at distrikts-Noreg og motkulturane med dette hadde reist hovudet og synt at dei var til.

## Dei største skulestreikane i norsk søge

Skorten på nynorske læremiddel i grunnskulen og den vidaregåande skulen hadde lenge vore ein akilles-hæl for nynorsken og målreisinga. I 1970-åra var tolmodet slutt, tiltrua til styresmakter og bokmålsforlag låg på eit minimum og det heile eksploderte 28. oktober 1971 då 112 skular – 59 av dei var gymnas - og 30 000 elevar over store delar av landet gjekk beint ut i streik for å få måljamstellinga i skulen gjennomført. Skular frå Hammerfest i nord til Kristiansand i sør var med på aksjonane. Det var naturleg nok i kjerneområda på Vestlandet harmen var størst, for her kjende ein problema direkte på kroppen, og det hadde vore fleire samrådsmøte på Voss og i Øystese på førehand for å finna ut kva ein burde gjera. Somme stader var det no reine bygdeopprør der folk gjekk mann av huse. Men også mange byskular, såleis både i Oslo og Bergen og andre stader, deltok i sympatiaksjonar. Studentmållaget i Oslo sat lenger unna streikeområda, men var indirekte med sidan ein sat med sentralleiinga i NSEM i denne tida. AU-Vest i Bergen samordna streikane vestpå, og derfor vart det mange turar vestover for leiaren Ola Svein Stugu og sentralstyret hans hausten 1971.

Landsmøtet i NSEM 1971 vedtok å setja i verk lærebokaksjonar om hausten. Ja, gymnasiastane i Øystese var så ihuga på aksjonar at dei jamvel gjekk til streik 10. september, ein månad før statsbudsjettet låg føre. Ein månad etter var det eit stort samrådsmøte i Øystese, der 54 utsendingar frå 26 skular møtte, attåt leiande folk frå NSEM sentralt og AU-Vest. Kravet derifrå var 2 millionar i statsløyvingar til nynorske lærebøker, og då statsbudsjettet som kom like etter, berre hadde ført opp 1/2 million, klemde aksjonistane til for fullt og tillyste landsomfattande streik 28. oktober. Og streik vart det så det verkeleg mona! Dei store aksjonane vekte mykje åtgaum, både aviser og fjernsyn gav dei fyldig dekning, og NSEM og AU-Vest fekk fullt opp å gjera. Også 26 000 underskrifter vart samla inn og leverte til Kyrkje- og undervisningsdepartementet i samband med dette.

Stortinget plussa noko på løyvinga til nynorske lærebøker då statsbudsjettet vart vedteke, slik at sluttsommen vart 650 000 kr, og kravde samstundes at departementet skulle lovfesta måljamstelling for den vidaregåande skulen. NSEM såg på dette som ein halv siger. Målrørsla skjøna no at berre milde protestar, bønnebrev og møte med folk på Stortinget og i departementa ikkje førde fram lenger. Her trongst hardare lut. Aksjonane gav politisk tyngd og ryggdekning når ein skulle tinga om innhaldet i skulelover og økonomiske ressursar.

I 1972 drukna læremiddelaksjonane i EF-røystinga 25. september og året etter deltok det berre kring 15 000 elevar i protesten mot at lærebokløyvingane framleis var på eit lågmål. Kravet om statsforlag og lovfesting av måljamstellinga i den vidaregåande skulen kom også fram att i 1973. Yrkesskulane og handelsskulane var mellom dei ivrigaste denne hausten.

Det gode samarbeidet mellom NMU og elevorganisasjonane førde no til at

ein hausten 1974 skipa ein særskild fellesorganisasjon til å ta seg av læremiddelarbeidet, Aksjonsnemnda for språkleg rettferd i skulen (AFSRIS). Denne nemnda hadde hovudsetet sitt i Oslo og Studentmållaget kom direkte og indirekte til å få mykje å seia for arbeidet hennar. Heile 10 elev- og studentorganisasjonar vart med i denne samskipnaden. Norges Gymnasiastsamband (NGS), Yrkesskoleelevenes og lærlingenes interesseorganisasjon (YLI) og Landslaget for norske lærerstudenter (LNL) var mellom dei største og mest aktive, men NMU vart heile tida den drivande krafta saman med Noregs Mållag. Lov om videregående opplæring (1974) var nyleg vedteken av Stortinget, og der var kravet om obligatoriske nynorske parallelutgåver slått fast (§ 38), og berre reint unntaksvis kunne ein sleppa unna jamstillingspåbødet. Men skulelovene var lite verde i praksis, då statsløyvingane framleis var altfor låge. I 1974 var dei på 1,4 mill. kr og i 1975 på 2 mill. kr, medan Aksjonsnemnda hadde rekna ut at det trongst meir enn 20 millionar kr i året for å stetta behova. Under aksjonane hausten 1974 vart det spreidd ei særskild aksjonsavis i 120 000 eksemplar, elles var det streikar nokre stader og underskriftskampanjar og utdeling av flygeblad andre plassar. Året etter – i 1975 – vart det heller ikkje noko driv over aksjonane, sjølv om løyvinga for



*Det var store AFSRIS-demonstrasjonar over heile landet. I dette demonstrasjonstoget i 1971 støttar m.a. Fagerborg skole i Oslo krava om nynorske læremiddel. Foto: Norsk Tidend*